

HAUST

Smakfulle tilbod. Latter og leik. Kortreiste opplevingar.
Sosialt lag med gode vener. Velkomen til Haust21

Velkomen til Haust21 laurdag 9. oktober kl. 11-16

I år inviterer me til ein flott dag på Djuvet i Brøkke! Her vert det eit flott musikalsk program heile dagen, det vert mykje aktivitetar for heile familien, og spesielt for borna!

Me legg opp til at dette skal verte ein dag med smakfulle tilbod, latter og leik, kortreiste opplevingar og sosialt lag med vener og familie!

Det er gratis for alle som vil stille ut, men det er eit krav om at det skal vere kortreist, "ekte" og eller handlaga produkt, og ein må rigge standen slik at den er i stil med tunet. Det er ikkje tilgong på verken straum eller vatn, så ein må sjølv sørge for dette. Det er bilveg opp, men bilen må ned att, og parkerast på parkeringsplassen til skisenteret. Me ber derfor om at alle bilar er vekk frå plassen innan kl. 10.30.

Påmelding helst innan 15.september!

Send ein e-post til merete@brokke.com eller ring meg på 455 12 296 om du har spørsmål eller vil melde deg på!

Meir informasjon om Haust finn du på Brokke.com eller på Facebook sida vår!

Sjåast me?